



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2008

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll Leifsen (nestleiar) Svein Bjarte Holten (kasserar), Morten Skeie (skrivar), Gina Heggebø, Kari Skogen, Ingebjørg Gjerde

Vikedal ungdomslag har hatt 3 styremøte og behandla 32 saker i 2008.

29. februar 2008 arrangerte styret i Vikedal Ungdomslag revyfest for alle aktørar som var med på den suksessrike revyen "**Du & Gna gjer bygda gla**", jula 2007. Det blei kjempebra mottatt av alle. På programmet stod visning av revyfilmen, nydeleg mat laga av Matmonsens og "pubkveld" etterpå.

Me har i 2008 hatt få styremøte; dette fordi me var med på å arrangera **Zetlitz-spelet** som gjekk av stabelen i mai månad. V.U.L var ein av laga som stod for dette store arrangementet. Det innebar mykje møteaktivitet i styringsgruppa samt øvingar. Gro Anett Espevoll Leifsen var den av oss som representerte V.U.L mest i styringsgruppemøtene. Ho var i tillegg inspisient under øvingar og framsyningar. Svein Bjarte Holten, Morten Skeie og Nils Erik Eide hadde ansvaret for lyden. I tillegg til dette hadde me ansvaret for sal under framsyningane. Dette hjelpte dei andre styremedlemma til med. V.U.L investerte i nye myggar og ein trådløs øyremonitor for at lyden skulle bli best mogleg. Denne investeringa kosta oss om lag 45.000 kroner, men det er utstyr som me får dra nytte av under revyane våre seinare. Det var mykje arbeid med dette spelet, som også omfatta ein Zetlitzkonsert på Vikedal bygdehus. Her hadde V.U.L også lyden på "dugnad" og me betalte også husleiga for dette.

Det var ei vanskeleg tid – samarbeidsklimate med dei andre laga og prosjektleiar var ikkje så bra, men me fekk snakka ut om dette på eit evalueringmøte (som V.U.L tok initiativet til). For lydjobben fekk laget vårt 15.000 kroner. Det blei ikkje så stort overskot, men me fekk om lag 8.000,- av potten.

Stykket vart ein suksess – det er sjølvsagt V.U.L veldig glade for.

Vikedal Ungdomslag stilte som underskotsgarantistar for den nye festivalen i bygda, **Vikedal Dansefestival**. 20.000 kroner sa eit samrøystes styre ja til å dekkja dersom det skulle vise seg at arrangementet gjekk med underskot. Det skulle vise seg at det berre var V.U.L som hadde sagt ja til dette – festivalen gjekk med 20.000 kroner i minus og V.U.L dekkja då dette. Styret i Vikedal bygdehus (arrangør) bestemte at V.U.L skal få pengane tilbake etter at festivalen for 2009 er unnagjort.

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eldeniss@online.no

Kontonummer:
3244 05 20501



Org. nummer:
984 039 883

www.vikedal.no/ungdomslag

Styremedlemmer 2008:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar)
Svein Bjarte Holten (kasserar), Morten Skeie (skrivar)
Gina Heggebø, Kari Skogen, Ingebjørg R. Gjerde



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

Under **Rootsfestivalen** leigde me ut anlegget vårt. Det gav oss rundt 4.000 kroner i kassen.

Under **Zpartyfestivalen** arrangerte som vanleg V.U.L. diskotek på Bygdehuset. Dette arrangementet fekk også dette året gode tilbakemeldingar. Me fekk gode inntekter – 11.000 kroner.

V.U.L hadde underhaldning for barna på **Sommarfestivalen** også i år. I tillegg leigde me ut anlegg både på dagtid og på kveldstid. Inntekt her blei på 5.500 kroner.

Under **Hjortefestivalen 2008** i oktober hadde me lyd på eit av kveldsarrangementa.

Av andre ting kan nemnast at me har hatt lyd på **Vikedal skule sin årlege revy**. Denne gjorde me på dugnad. Det same gjorde me under den årlege **4H festen** på Vikedal bygdehus.

Musikkloftet har vore mykje i bruk. Me måtte kalla inn alle brukarane til ein ryddekveld – det var til stor nytte. Styret vedtok at dette lokalet også skal leigast for 2009.

Vidare har **V.U.L kjøpt eit Internettdomene: www.vikedal-ungdomslag.no** – komande år skal me satsa sterkt på å få vår eiga heimeside opp på nett.

Til slutt kan eg nemna at Vikedal Ungdomslag har vore med i **valnemnda for Rogaland Ungdomslag**.

Eg vil nytta høvet til å **takka styret for god innsats** i dette travle året. Alle styremedlemmer held fram i 2009. Det er veldig bra!

Takk for i år!

07.02.08

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eydeniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

www.vikedal.no/ungdomslag

Styremedlemmer 2008:

Mils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar)
Svein Bjarte Holten (kasserar) Morten Skeie (skrivar)
Gina Heggebø, Karl Skogen, Ingebjørg R. Gjerde